

Namn på skulen:

Tal elevar skuleåret 2016/17:

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring

Skulen si vurdering i lys av:

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg frávær

Prosentdel sluttarar

1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

2015/16	76%
2016/17	74%

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	3,1	3,0
	2016/17	2,1	4,5
Termin 2/standpunkt	2015/16	1,8	2,2
	2016/17	1,3	2,1
Eksamen	2015/16	4,7	1,9(IM)
	2016/17	4,4	1,4(IM)

1.3 IV grunna høgt frávær 2016/17

Tal IV grunna høgt frávær – Termin 1	212
Tal IV grunna høgt frávær – Termin 2/standpunkt	95

Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fráværsgrense gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring?

Vi ser at fráværet går ned, og andelen stryk og IV går også ned, både til standpunkt og eksamen. Vi tenkjer at elevane lærer meir når dei er meir på skulen.

Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt?

Vi hadde tiltak i 1. termin, der kontaktlærarane rapporterte frávær og eventuelle tiltak kvar veke og etter kvart kvar månad. Slik sikra vi tett oppfølging av elevar frå første dag. Vi har ikkje sett i verk særskilte tiltak etter termin 1, men vurderer heile tida tiltak ut frå einskildelevane sine behov. Det kan til dømes vere ekstra vurderingssituasjonar, individuelt studiearbeid, alternative vurderingsformer m.m. Vi ser at ulike individuelt tilpassa tiltak har god effekt for gjennomføring.

1.4 Gjennomsnittleg frávær – her har vi ikkje gode tal

2015/16	timar	
	dagar	
2016/17	timar	
	dagar	

Sotra vgs har to skulestader. På Bildøy har vi 60 minuttars undervisningsøkter, i Sund har vi 55 minutt. Det blir difor uråd for oss å ta ut gode rapportar på dette i Extens. Vi bestiller rapport frå HFK og ettersender tala.

1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10

2015/16	6,1
2016/17	7,7

1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»

Kor mange elevar er registrerte med avbrottskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?

15 i Extens, 7 i Hjernen og hjertet

Vi ser at «personlege årsaker» er størst, med 38,9% av dei som sluttar (14 elevar i H&H). 19,4% har «annan årsak/ikkje oppgitt».

1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18

Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram?

Fråværgrensa har ført til at fleire elevar er meir på skulen, og det ser ut til at det er skulken som går ned. Sjukefråvær og anna dokumentert fråvær er stabilt. Elevane er meir etterrettelege når det gjeld fråværet. Det er store skilnader på fag og utdanningsprogram. Noko kan skuldast at vi har ei opphoping av elevar med visse utfordringar på nokre utdanningsprogram, og vi ser at matematikk har for høg strykprosent. Engelsk er også utfordrande for mange elevar.

Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane?

Generelt:

Vi har startsamtale med alle elevar ved oppstarten av skuleåret, for å fange opp eventuelle utfordringar og behov hjå einskildelevar. Vi har foreldremøte med foreldre til ikkje myndige elevar tidleg i hausthalvåret.

Frå ungdomsskulen til vgs:

Rektor har møte med skulesjefen i Fjell fire gonger i året. Tema på desse møta er korleis vi kan samarbeide for å sikre god kvalitet og samanheng gjennom det 13-årige utdanningsløpet.

Kvar vår har vi møte med rådgjevarane på ungdomsskulane i Fjell, Sund og Øygarden. I første del av møtet informerer rektor om det vi ser som utfordringar i overgangane, og formidlar ynskje og forventningar til samarbeid med ungdomsskulane, t.d. når det gjeld elevar med skulevegring. I andre del av møtet formidlar ungdomsskulane informasjon vedrørande elevar med tilretteleggingsbehov.

Elevar som er søkt inn på særskilt grunnlag: her har vi overføringsmøte med avgjevarskule. Ein del elevar er også på besøk på skulen og får treffa kontaktlærar og rådgjevar m.m.

Mellom nivå

Vi sender inn skjema for elevar som har stryk/IV i fleire fag og står i fare for å ikkje kome inn på neste nivå. Vi sender også skjema om ny, særskilt og utsett eksamen til elevar som har stryk eller IV i eitt eller fleire fag. Elevar som har stryk i matematikk blik kalla inn til samtale og oppfordra til å melde seg på sommerskulen.

Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar?

Vi ser at talet på sluttarar har gått litt opp. Dette er å forvente med fråværgrensa, for ein del elevar har stort fråvær som sluttårsak. For mange av dei som får så stort fråvær at dei sluttar, er årsaka helseutfordringar som gjer det vanskeleg å gå på skulen. Ein del sluttar på grunn av svak skuletilknytning/få eller ingen vener.

Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid?

Vi treng å vere tett på desse elevane frå starten, og lage gode tilretteleggingstiltak tidleg nok. Vi skal kartlegge alle Vg1-elevane i lesing, rekning og engelsk og følgje opp resultatane. Ressursteamet må vere tettare på kontaktlærarane og etterspørje/føreslå tiltak m.m. Ungdomsskulane i regionen har eit nettverkssamarbeid «Motivasjon for læring», og der ynskjer vi å delta med nokre lærarar frå hausten av. Slik vil vi skape betre forståing for samanhengen i gjennomgåande fag som engelsk og matematikk, og vi vil kunne gje betre tilpassa opplæring til elevar som strevar i desse faga. Vidare vil vi arbeide meir systematisk med å førebyggje utanforskap og lage eit godt læringsmiljø i klassane. Vi vil frå hausten 2017 setje i gang med programmet VIP makkerskap, som er eit program for god skulestart i form av eit systematisk arbeid med elev-til-elevrelasjonane.

2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderingane skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnlagt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

2.1 Utviklingstiltak – Klassens time***Kva var målet med tiltaket?***

Vi skal ha eit godt læringsmiljø med gode relasjonar mellom elevar og tilsette i eit positivt læringsfelleskap.

Vi skal møte kvarandre med respekt og vise omsorg for kvarandre.

Vi skal ha eit inkluderande læringsmiljø der alle har ansvar for medverknad.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Vi innførte «klassens time» i 2015. Alle klassar har ein time i veka som er sett av til å arbeide med læringsmiljøet, og til sosialpedagogiske tiltak og elevaktivitetar. Tiltaket skal gje kontaktlærarar og andre lærarar betre høve til å følgje opp einskildelevar og arbeide systematisk med læringsmiljøet i klassen. Det skal også gje rom for betre elevmedverknad og sosialpedagogiske aktivitetar, og førebyggje mobbing

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Vi har «Nei til mobbing» som eit bevaringspunkt på den pedagogiske plakaten vår, og ynskjer å arbeide systematisk for å førebyggje mobbing og utanforskap. Vi har også skåra under det vi ønskjer på elevmedverknad. Tid er ein knapp ressurs, og gjennom å setje av tid utanom undervisning til dette arbeidet, skjermar vi undervisningstida, særskilt for kontaktlærarane.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Alle klassar har ein time på timeplanen sett av til klassens time saman med kontaktlærar. Ein del av timane er sett av i starten av skuleåret til å bli kjende og diverse elevaktivitetar

2.1.1 Korleis har leiinga følgt opp tiltaket gjennom året?

Rektor har møte med kontaktlærarane fire gonger om året, der tema er m.a. bruken av klassens time. Vi har drøfta ordninga med klassens time med organisasjonane i høve til arbeidstid for kontaktlærarane. Vi har også drøfta klassens time med elevrådsstyret. Ordninga vart innført som eit tilbod første året, sidan kontaktlærarane elles brukte ein del av undervisningstida i faga sine til å drive oppfølgingsarbeid i klassen/gruppa. Vi hadde ikkje tydelege krav eller forventningar til korleis tida skulle nyttast, det vart opp til den einskilde. Erfaringane frå første året viste stor variasjon i bruken av klassens time. Nokre brukte timen kvar veke, andre svært sjeldan. I år har vi vore tydelegare i forventningane til bruken av

klassens time, og dei vil vere endå tydelegare neste skuleår, jf. VIP makkerskap som er nemnt over.

2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Vi kan ikkje måle endra praksis enno, men vi forventar at vi vil kunne sjå meir tydelege resultat neste år.

2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Måla er ikkje nådd, her treng vi å arbeide over tid. Vi treng også meir systematisk tilnærming til dette tiltaket.

2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Organiseringa kan bli betre. Neste år har vi avtalt at kontaktlærarane skal ansvar for ca. halvparten av klassens time, og vi vil lage ein felles plan for desse timane. Vi vil også lage plan for dei andre timane, vi vil bruke dei til informasjon frå andre instansar, undersøkingar, IKT-opplæring, yrkesrettleiing m.m. I tillegg vil elevane få ansvar for ca. ein time i månaden, til sosiale aktivitetar for å styrke læringsmiljøet.

2.2 Utviklingstiltak – Motiverte elevar

Kva var målet med tiltaket?

Målet er å gje elevane gode meistringsopplevingar og motivasjon til å lære, og bidra til elevane er aktive og engasjerte i skulekvardagen.

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Vi ønskjer at lærarane skal utvikle felles undervisnings-kultur og -praksis gjennom erfaringsdeling.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Det nye styringsdokumentet legg vekt på det profesjonelle læringsfellesskapet som arena for utvikling. Vi meiner at vi har ein del å hente her, når det gjeld å utvikle ein meir felles kultur innanfor undervisning og vurdering

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Vi arbeidde med styringsdokumentet på planleggingsdagen i august. Der hadde vi ein gjennomgang i tverrfaglege grupper og i plenum, for å definere ulike omgrep i styringsdokumentet. På planleggingsdagen i november hadde vi ei ny økt med arbeid individuelt, i grupper og til slutt i plenum (same tverrfaglege grupper). Oppgåva var:

Kva for pedagogiske/didaktiske grep gjer eg i mi undervisning for å:

- a. førebyggje mobbing og utanforskap
- b. skape tilhøyre og gode relasjonar til elevane og mellom elevane
- c. gje elevane meistringskjensle og motivasjon
- d. bidra til at elevane er aktive og engasjerte i læringsarbeidet
- e. følgje opp elevar som står i fare for å ikkje fullføre

2.2.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Vi hadde felles halv planleggingsdag i desember, med «SOV gode døme». Der delte lærarar eigne undervisningsopplegg som hadde tilknytning til tiltaket, særskilt i høve til motivasjon. Tiltaket er elles følgd opp gjennom fagmøte/fagsamarbeid og avdelingsmøte gjennom året.

2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Vi ser at det er større fokus på samarbeid og deling. Vi trur at dette vil føre til endra praksis, men at det trengst systematisk arbeid over tid.

2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Måla er ikkje nådd, vi held fram med same mål og tiltak neste år.

2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Vi treng å arbeide meir systematisk med oppfølging av tiltaket, og sette av tid til å samarbeide om dette også utover planleggingsdagar.

3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet**3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?**

Vi har ikkje funne tid til formell tilstandsvurdering gjennom året, men dette vil vi ha på plass neste skuleår. Vi har hatt tilbakemelding på Elevundersøkinga til kontaktlærarane og til avdelingane, og vi har hatt gjennomgang av frávær og 1/IV ved 1. termins slutt.

3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?

Sjå svaret nedanfor. Vi kan bli tydelegare når det gjeld å forplikte lærarane, og det vil vi få på plass neste år.
Vi vil vere tydelegare når det gjeld individuelle tiltak og faggruppene sine tiltak, og etterspørje halvårsvurdering frå avdelingane.

3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?

Vi set av tid til utviklingsarbeid på planleggingsdagar og avdelingsmøte gjennom året. Når vi har felles økter, brukar vi ofte individuell-gruppe-plenum-metoden for å sikre at alle deltar. Vi brukar også It's learning til skriftleg innlevering av individuelle svar og gruppesvar.
Tid er ei utfordring, sjå lenger nede. Vi har fellestid på to gonger 40 minutt. Neste år blir dette til ein dag i veka med 1 time og 45 minutt. Dette gjev høve til å samla heile personalet til litt lengre økter, noko som vil vere bra for å involvere alle.

3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?

Rektor har fire møte i året med elevrådsstyret, der skulens utviklingsarbeid og den pedagogiske plakaten står på dagsorden. Skulemiljøutvalet har også dette som tema. Kontaktlærarane har gjennomgått Elevundersøkinga i klassane, og meldt attende reaksjonar og tilleggsopplysningar.

3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?

Det er utfordrande å få nok tid til utviklingsarbeidet. Det er vanskeleg å halde trykket oppe, og unngå at dette arbeidet druknar i viktige driftsoppgåver. Nye kostar i leiinga har også ført til at vi har måtta ta eit steg attende og samla oss litt på nytt om dette arbeidet. Vi er ein skule med eit breitt fagtilbod, og dermed også mange ulike fagmiljø og fagkulturar. Det er viktig for oss at dei ulike faga får bløme samstundes som vi utviklar felles kultur og praksis der det er ønskjeleg og mogeleg.

3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.

Vi treng å arbeide meir systematisk med utviklingsarbeidet, og vi treng å arbeide både innanfor ulike faggrupper og meir samla på tvers av avdelingane. Vi trur at vi er på rett veg med arbeidet mot mobbing og for betre motivasjon, og ser at styringsdokumentet gjev sterkare føringar og tydelegare forventningar til oss når det gjeld arbeidet.
Vi kjem til å ha eit sterkare fokus på elev-til-elevrelasjonane og læraren sitt ansvar når eleven ikkje lærer det ein forventar. Her vil ressursteamet bli viktig. Vi vil halde fram med å

dele undervisningsopplegg slik vi gjorde på den halve planleggingsdagen, og elles jobbe med å styrke det faglege samarbeidet. Vi vil også sette i gang eit opplegg med skulevandring, som det ikkje vart tid til i år.

4 Ope felt - valfritt

Ope felt for skulen til å rapportere på valfritt tema.